



Surna, 03.02.2021

Til medlemmene i kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

MØTE NR.: 1/21
TID: 10.02.2021, kl 1000
STED: Surnadal kommunehus

SAKSLISTE :

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 01/21	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 03.11.2020
PS 02/21	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 03/21	RAPPORTERING FRA MØRE OG ROMSDAL REVISJON IKS
PS 04/21	KONTROLLUTVALGETS ÅRSMELDING FOR 2020
PS 05/21	OPPFØLGINGSLISTA
PS 06/21	EVENTUELT

Eventuelle forfall meldast på tlf. 71 57 40 75, evt. mob 924 38 232.

e-post: harald.svendsen@kristiansund.kommune.no

Innkallinga går som melding til varamedlemmer som vert innkalla etter behov.

Ole Magne Nordvik
leiar (s)

Harald Svendsen
sekretær

Kopi:
Ordfører
Rådmann
Økonomisjef
Møre og Romsdal Revisjon SA



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 01/21	Kontrollutvalet	10.02.2021

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 03.11.2020

Sekretæren si tilråding

Protokollen frå møtet 03.11.2020 vert godkjend.

Bakgrunn for saka

Protokollen frå førre møte er tidligare utsendt.

Harald Svendsen
Sekretær



KONTROLLUTVALET I SURNADAL KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Møte nr: 05/20
Møtedato: 03.11.2020
Tid: Kl. 10
Møtestad: Kommunestyresalen
Sak nr: 26/20 –32/20

Møteleiar: Ola Magne Nordvik, leiar

Møtande medlemmer: Søndre Ormset, nestleiar
Odd Arild Sande
Ann-Elin Stenberg
Mali Hildrun G. Settem

Frå administrasjonen: Knut Haugen, kommunedirektør
Sigrid Janne Moen, arkivleiar
Mona Rosvold, jordbrukssjef
Elin Moen Lysø, rådgjevar landbruk

Frå revisjonen: Einar Andersen
Tore Kvisvik

Frå sekretariatet: Knut Evandt

Leiaren ønska velkommen og leia møtet.

Moen var til stades til og med handsaminga av OS 10/20, Rosvold og Moen Lysø til og med PS 27/30, medan Haugen forlét møtet under handsaminga av PS 30/20.

Det kom ingen merknader til innkallinga.
Innkallinga og saklista vart godkjend.

TIL HANDSAMING:

SAKLISTE:

- PS 26/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 08.09.2020
- PS 27/20 REFERAT OG ORIENTERINGAR
- PS 28/20 BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2021
- PS 29/20 FORENKLA ETTERLEVELSESKONTROLL
- PS 30/20 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - STATUS
- PS 31/20 OPPFØLGINGSLISTE
- PS 32/20 EVENTUELT

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Protokollen frå møtet 08.09.2020 vert godkjend.

Kontrollutvalet si handsaming:

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretæren si tilråding.

Kontrollutvalet sitt vedtak (samrøystest):

Til neste møte ønsker utvalet orienteringar om desse spørsmåla:
Har tildelinga frå næringsfondet til to veterinærselskap skjedd i tråd med retningslinjene?
Er opplysningane kommunen ga i søknaden til Fylkesmannen om stimuleringstilskot til veterinære tenester korrekte?

Utover dette tar kontrollutvalet referat- og orienteringssakene til etterretning.

Kontrollutvalet si handsaming:

- OS 10/20 Surnadal kommune si postliste
- Orientering om reglar og rutinar
 - Orientering om tilsynet frå arkivverket – jfr. RS 03/20

Arkivleiar Sigrid Janne Moen orienterte utvalet om kommunen si postliste og arkivsystem. Ho gjekk også gjennom dei ulike pålegga Arkivverket ga etter tilsynet sitt tidligare i haust, og kva kommunen har eller planlegg å gjere for å lukke dei.

- OS 11/20 Veterinærtenesen – tildeling av heimlar
- Regelverk og kriterier for tildeling

Mona Rosvold og Elin Lysø Moen frå landbrukskontoret orienterte om tildeling av heimlar og situasjonen for veterinærane i Surnadal generelt.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid 2021:

1. For revisjonsarbeid budsjetterast det med ei totalramme på kr. 980.000, fordelt med kr. 525.000 til regnskapsrevisjon, kr. 275.000 til forvaltningsrevisjon og kr. 180.000 til sekretariatstenester.
2. Budsjettforslaget tar ikkje høgde for kjøp av revisjonstenester som følge av ekstraordinære hendingar.

Kontrollutvalet si handsaming:

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretæren si tilråding.

PS 29/20**FORENKLA ETTERLEVELSESKONTROLL****Kontrollutvalet sitt vedtak:**

Kontrollutvalet tar revisor sin uttale om forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga og orienteringa som ble gitt på møtet til etterretning.

Kontrollutvalet si handsaming:

Revisor Tore Kvisvik orienterte om den forenkla etterlevelseskontrollen for 2019 og svarte på spørsmål frå utvalet. Tema for kontrollen har vært betaling for langtidsopphold på sjukeheim.

Revisor sin uttale om saka har følgjande konklusjon: «Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Surnadal kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene som gjelder for beregning av oppholdsbetaling sykehjem – langtidsopphold».

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretæren si tilråding.

PS 30/20**FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - STATUS****Kontrollutvalet sitt vedtak: (samrøystes)**

Kontrollutvalet tar prosjektplana og revisor sin orientering til etterretning.

Kontrollutvalet si handsaming:

Einar Andersen frå Møre og Romsdal Revisjon la fram prosjektplana for forvaltningsrevisjonsprosjektet om byggesaksbehandlinga i Surnadal kommune og drøfta denne med utvalet.

Kontrollutvalet sin leiar gjorde greie prosjektet si bakgrunn og dei drøftingane utvalet gjorde før det vart bestilt.

PS 31/20**OPPFØLGINGSLISTA****Kontrollutvalet sitt vedtak: (samrøystes)**

Oppfølgingslista oppdaterast i tråd med vedtaket i sak 27/20 – referat og orienteringar.

PS 32/20**EVENTUELT**

Det var ingen saker under eventuelt.

Ole Magne Nordvik
leiar

Sondre Ormset
nestleiar

Mali Hildrun G. Settem

Ann-Elin Stenberg

Odd Arild Sande

Knut Evandt
sekretær



Saksframlegg

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
PS 02/21	Kontrollutvalet	10.02.2021

REFERAT OG ORIENTERINGAR

Referatsaker:

Det foreligger ingen referatsaker

Orienteringssaker

OS 01/2021 Event. orienteringer fra kommunedirektøren

Harald Svendsen
Sekretær



SURNADAL KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2020-1801/01
Arkiv: 033
Saksbehandlar: Harald
Dato: Svendsen
03.02.2021

Saksframlegg

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
PS 03/21	Kontrollutvalet	10.02.2020

RAPPORTERING FRA MØRE OG ROMSDAL REVISJON IKS

En representant fra Møre og Romsdal Revisjon IKS vil orientere om revisjon i revisjonsåret.



Saksframlegg

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
PS 04/21	Kontrollutvalet	10.02.2020

KONTROLLUTVALGETS ÅRSMELDING FOR 2020

Sekretæren si tilråding

Kontrollutvalet si årsmelding for 2019 dagsett januar 2019 vert teken til vitande.

Bakgrunn for saka

HJEMMEL

I henhold til lov 25.september 1992 nr 107 om kommuner og fylkeskommuner (koml) § 76 er det kommunestyret som har det øvste ansvar for tilsyn med den kommunale forvaltning.

Kontrollutvalet førestår det løpande tilsyn med den kommunale forvaltning på vegne av kommunestyret.

Det er såleis av betydning at kommunestyret vert orientert om kontrollutvalget sitt virke gjennom året.

Det følgjer av koml § 77 nr 6

”Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget.”

I tillegg til fråsegn til årsrekneskapen, særrekneskap samt oversending av avslutta forvaltningsrevisjonsprosjekt, finn ein det formålstenleg å gi ei oppsummering av kontrollutvalget si verksemd i løpet av året gjennom ei årsmelding.

VURDERING

Vedlagt følgjer sekretariatet sitt utkast til kontrollutvalet si årsmelding for 2020.

AVSLUTNING

Saka vert lagt fram for kontrollutvalet til handsaming.

Harald Svendsen
Sekretær



KONTROLLUTVALET I SURNADAL KOMMUNE

ÅRSMELDING FOR 2020

1. INNLEIING

Surnadal kommune er pålagt å ha eit kontrollutval. Utvalet er kommunestyret sitt kontrollorgan og skal på vegne av kommunestyret førestå den løypande kontrollen med kommunen si forvaltning (Kommunelova § 23-1, 1. ledd).

Funksjonen som kontrollorgan føreset ei uavhengig stilling til den som vert kontrollert, dvs. forvaltninga.

Utvalet si uavhengige stilling til andre folkevalde organ og administrasjonen er mellom anna tatt hand om gjennom strenge krav til kven som er valbare (Kommunelova § 23-1, 3. ledd)

Utvalet rapporterer og gir tilråding direkte til kommunestyret i saker som vedkjem denne oppgåva.

2. UTVALET SI SAMANSETJING

Kontrollutvalet i Surnadal kommune 2019 – 2023:

Leiar	Ola Magne Nordvik
Nestleiar	Sondre Ormset*
Medlem	Mali Hildrun Gravvold Settem
Medlem	Odd Arild Sande
Medlem	Ann-Elin Stenberg

* medlem av kommunestyret

I tillegg har ordførar og oppdragsansvarleg revisor møte- og talerett i utvalet sine møter.

3. SEKRETARIAT

Det følgjer av Kommuneloven § 23-7, 1. ledd at kommunestyret skal syte for sekretærbistand til kontrollutvalget.

Det vart i 2005 inngått ei samarbeidsavtale om interkommunal sekretærfunksjon for kontrollutvala i kommunane Aure, Averøy, Frei, Halså, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll og Tustna, med endringar vedtatt 12.01.06.

Etter avtalens punkt 5.1 skal Kristiansund kommune vere vertskommune for sekretariatet: «*Kristiansund kommune er vertskommune og har ansvaret som arbeidsgjevar for sekretæren. Kristiansund kommune tilset sekretær for kontrollutvala i dei deltakande kommunane med til saman 150 % stillingsressurs*».

I 2019 vart sekretærfunksjonen for kontrollutvalet tatt hand om av Harald S. Svendsen.

Det følger vidare av avtalen sitt punkt 5.1: «*Kristiansund kommune stiller med kontorlokalar med tilhøyrande utstyr for sekretæren*».

Kontorsted for sekretariatet er i Kaibakken 1, 3. etasje.

4. UTVALET SINE OPPGÅVER

4.1 Innleiing

Kontrollutvalet sitt ansvar og myndigheit er heimla i Kommuneleva § 23-2:

Kontrollutvalget skal påse at:

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.*
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak.*
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i.*
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll).*
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.*

Kontrollutvalet sine oppgåver er ytterligare konkretisert i Forskrift for kontrollutval og revisjon.

I departementets merknader til den gamle kommuneloven vert det vidare utdjupa:
«*Kontrollutvalget fører etter første ledd kontroll og tilsyn med hele kommunens virksomhet, men har prinsipielt ikke et tilsynsansvar overfor kommunestyret selv, ettersom kontrollutvalget er underordnet kommunestyret. Kontrollutvalget kan i prinsippet ta opp et hvert forhold ved kommunens virksomhet så lenge det kan defineres som kontroll eller tilsyn. Kontrollutvalget har anledning til å føre kontroll og tilsyn med alle deler av den kommunale virksomheten, herunder kommunale foretak etter kommuneloven kap 11.*»

Desse prinsippa er vidareført òg i den nye lova.

4.2 Rekneskapsrevisjon

Kontrollutvalets oppgåver ved rekneskapsrevisjon kjem fram i forskrifta § 3:

«*Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at*

- a) kommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) rekneskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
- c) rekneskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.*

Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet innstiller til vedtak.

Kontrollutvalget skal påse at rekneskapsrevisorens påpekingar etter kommuneloven § 24-7 til § 24-9 blir rettet eller fulgt opp. Hvis påpekingene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret.»

4.3 Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sitt vedtak (Kommunelova § 23-3, 1. ledd).

Forvaltningsrevisjonar kan gjennomførast i kommunens egne verksemdar eller i føretak kommunen eig.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast ved utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ei plan som viser på kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar. Planen skal basere seg på ei vurdering av risiko og vesentlegheit. (Kommunelova § 23-3, 2. ledd)

Denne plana vart vert vedteke i kommunestyret. Det er delegert til kontrollutvalet å gjere endringar i løpet av valperioden.

4.4 Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll inneber å kontrollere om den som utøver kommunens eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring (Kommunelova § 23-4).

Gjennomføringa av eigarskapskontrollar er organisert på same måte som forvaltningsrevisjonar.

4.5 Andre oppgåver

Kontrollutvalet sine oppgåver er, i tillegg til dei som er nemnde ovanfor, m.a. desse: Val av revisjonsordning og val av revisor (lova § 24-1), saker om tilsetting, suspensjon, oppseiing og avskjed av revisor (forskrifta §8) og budsjetthandsaming (forskrifta §2).

4.6 Sakshandsaming og sekretariat

Sekretariatet sine oppgåver er bestemte i forskriftas §7:

«Sekretariatet skal forberede sakene for kontrollutvalget og skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet. Sekretariatet skal også påse at kontrollutvalgets vedtak blir iverksatt».

Samarbeidsforumet for kontrollutvalga i kommunerevisjonsdistriktet vedtok, i medhald av Samarbeidsavtalen punkt 5.3, i møte 12.10.06 (sak 15/06) Retningslinjer for Kontrollutvalgssekretariatet for å avklare og konkretisere sekretariatet sine oppgåver. Retningslinjene vart godkjend av Surnadal kommunestyre 09.11.06 (sak 100/06).

5. VERKSEMDA I 2019

Kontrollutvalet har hatt 5 ordinære møter og handsama i alt 32 protokollerte saker. Av desse er 4 saker sende over til kommunestyret anten som ordinær sak eller referatsak.

Møta vert hovudsaklig haldne på kommunehuset.

5.1 Tilsyn med revisjonen

Utvalet får rapportering av det løypande revisjonsarbeidet tre gongar i året. Revisjonsmeldingar og -rapporter har òg vore lagt fram for utvalet.

På møtet 04.09.2019 (sak 33/19) tilrådde kontrollutvalet å velje Møre og Romsdal Revisjon SA som kommunen sin revisor frå 01.01.2020.

5.2 Fråsegn til rekneskapa

Utvalet har handsama og vurdert den avlagte kommunerekneskapa for 2019 og gitt si fråsegn til denne.

Kontrollutvalet har i 2020 ikkje handsama og gitt fråsegn til sluttrekneskap for byggeprosjekt.

5.3 Forvaltningsrevisjonsrapporter

Kontrollutvalet har i 2020 ikkje handsama forvaltningsrevisjonsrapportar.

Utvalet har handsama «PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON»

5.4 Selskapskontroll

Kontrollutvalet har ikkje handsama selskapskontrollrapportar i 2020.

Utvalet har handsama «PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL»

5.5 Oppfølging av politiske vedtak

Surnadal kommunestyre vedtok i møte 09.11.06 (sak 99/06) at administrasjonen utarbeider og legg fram ei årleg oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er sett i verk. Denne skal leggjast fram for kontrollutvalet innan utgangen av mars månad.

Kontrollutvalet har fått tilsendt ein slik oversikt til handsaming i 2020.

5.6 Oppfølging av kontrollutvalet sine saker

Alle saker frå kontrollutvalet er følgde opp.

5.7 Spesielle undersøkingsoppgåver

Kontrollutvalet hadde i 2020 ikkje saker som refererte seg til misleghald og/eller andre avvik.

5.8 Sentrale kommunale styringsverktøy

Surnadal kommune har økonomi- og delegasjonsregelment som sine sentrale styringsverktøy. Reglementa dekkjer m.a. områda budsjettdelegasjon, attestasjon og anvising.

Alle vesentlege rutinar bør vere skriftlig dokumentert med omsyn til korleis dei fungerer, og kva for slags intern kontroll som ligg inne i systema.

5.9 Verksemdsbesøk

Kontrollutvalet har ikkje vidareført ordninga med verksemdsbesøk i 2020 av omsyn til smittevern.

5.10 Oppfølgingslista

Saker som utvalget har/har hatt på oppfølgingslista i 2020:

Sal av konsesjonskraft

Beredskap ved flaum og andre ulykkes- eller katastrofesituasjoner

Sjukefravær

Leikeplassar – rutinar og oppfølging

Kommunens postliste

Veterinærtenesten – tildeling av heimlar

5.11 Smittevern

Aktiveten i kontrollutvalget har vært tydelig preget av hensynet til smittevernet. På grunn av koronapandemien har kontrollutvalget hatt færre møter enn planlagt. I tillegg ble ett møte gjennomført som fjernmøte. Utvalget har også vektlagt å gjennomføre møter med så få deltakere som mulig. Dette har blitt gjort ved å konsentrere sakslistene om færre fagområder og ved å åpne for digital deltakelse. I enkelte perioder har utvalget forsøkt å unngå å belaste administrasjonen med arbeidskrevende oppgaver. Av smittevern hensyn har det heller ikke blitt gjennomført virksomhetsbesøk i 2020.

Det har heller ikke blitt gjennomført noen samlinger for kontrollutvalgslederene i 2020. Normalt ville det har vært gjennomført to slike samlinger pr. år.

Det er lagt vekt på å følge smittevernrådene under avvikling av de fysiske møtene med bl.a å holde avstand, håndhygiene og vasking av berøringsflater.

5.12 Diverse

Kontrollutvalet sin overordna oppgave er å vere med å skape tillit til kommunal forvaltning. I kor stor grad utvalet har lukkast, bør vurderast av andre. Utvalet har gjennom året påpekt overfor administrasjonen og politikarane forhold som bør verte bedra for at kommunen skal framstå som ein god tenesteytar og forvaltar av fellesskapet sine verdjar og lovverk.

Kontrollutvalet handsamar som fast sak i møta ei såkalla «oppfølgingsliste» der medlemmene kan ta opp aktuelle problemstillingar for å få desse nærare klargjort i seinare møte.

Kontrollutvalet har på førespurnad og i nødvendig utstrekning fått orienteringar frå administrasjonen og revisjonen i saker som har vore til handsaming i møte.

Rådmannen og leiinga i kommunen har både under verksemdsbesøk og elles vore særskild imøtekommande og lydhøre. Dei har møtt kontrollutvalet på ein hyggelig og open måte.

Samarbeidet med revisjonen òg vore godt. Revisjonen har vore til stades på alle møta i utvalet og har gitt gode orienteringar og svara på dei spørsmåla som utvalet har stilt.

6. SAMANDRAG

Kontrollutvalet legg vekt på å vere ein nyttig medspelar i å forbetre kommunens eksterne tenesteproduksjon og myndeutøvinga så vel som dei interne forvaltningsfunksjonar, ved å leggje opp til ei konstruktiv – ikkje nødvendigvis berre kritisk – tilnærming ut frå kva som er realistisk å oppnå. Kommunen er avhengig av tillit til desse prosessane hos brukarane, og ein aktiv og truverdig tilsyns- og kontrollfunksjon kan medverke til å byggje opp om denne tilliten.

Som kommunestyret sitt hjelpeorgan i tilsyns- og kontrollspørsmål er kontrollutvalet sitt virke avhengig av å ha legitimitet i kommunestyret, m.a. for å få gjennomslagskraft for forbetningsforslag og anbefalingar og dermed kunne medverke i arbeidet for at kommunestyrets målsettingar vert realiserte.

Utvalet har i denne perioden lagt vekt på å få mange og grundige orienteringar frå administrasjonen.

Orienteringar og verksemdsbesøk er, etter utvalet si meining, heilt sentrale verktøy i utvalet sitt kontroll og tilsynsarbeid.

Surnadal , februar 2021

Kontrollutvalet i Surnadal kommune

Ola Magne Nordvik
leiar

Sondre Ormset
nestleiar

Mali H. G. Settem

Odd Arild Sande

Ann-Elin Stenberg



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 05/21	Kontrollutvalet	10.02.2020

OPPFØLGINGSLISTE

Sekretæren si tilråding

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Bakgrunn for saka

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr nov 2020

Saker som kontrollutvalet ønskjer nærare utgreiing om eller undersøkt, kan takast opp i møtet for evt. oppføring i lista.

Harald Svendsen
Sekretær

SAKSOPPFØLGING

Saker som er tekne opp	Dato:	Ansvar:	Merknad:	Status:
Oppfølging av politiske vedtak	12.03.14	Adm.	– årlig orientering	14.05.2020 Tas opp på møtet 16.06.2020 16.06.2020 Orientering gitt
Beredskap ved flaum og andre ulykkes- eller katastrofesituasjonar	03.12.19	Adm.		Orientering 12.02.2020
ROS-analyse/beredskap	12.02.20	Adm.		Orientering ønskast når plana som er under arbeid er ferdig.
Sal av konsesjonskraft.	03.12.19	Adm.	Orientering gitt på møtet 12.02.20	Orientering om reglar og system ved anbod, innkjøpsrutinar og avtalen med Svorka ønskast på neste møte.
Vedlikehald av kommunale bygg.	12.02.20	Adm.	-Oppfølging av forvaltningsrevisjon.	Orientering ønskast.
Orientering om sjukefravær	04.05.20	Adm		Tas opp på møtet 16.06.2020 16.06.2020 Orientering gitt
Leikeplassar- rutinar og oppfølging	04.05.20	Adm		Tas opp på møtet 16.06.2020 16.06.2020 Orientering gitt.
Ansettelsesreglement og utlysninger av lederstillinger	16.06.20	Adm		16.06.2020 Orientering gitt.
Surnadal kommune si postliste Orientering om reglar og rutinar Orientering om tilsynet frå Arkivverket	08.09.20	Adm		03.11.2020 Orientering gitt
Veterinærtenesten – tildeling av heimlar Regelverk og kriterier for tildeling	08.09.20	Adm		03.11.2020 Orientering gitt

Aktuelle virksomhetsbesøk:

Svorka

Trollheimen Vekst



Saksframlegg

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
PS 06/21	Kontrollutvalet	10.02.2020

EVENTUELT

Bakgrunn for saka

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan detta gjerast her

Harald Svendsen
Sekretær